

A woman with short blonde hair, wearing a black and white folk costume with a wide gold belt and a full black skirt with gold trim, is dancing on a stage. She has her arms raised, holding a small white flower in her right hand. The background is dark with blue stage lights and a blue mesh backdrop.

ÅRSMELDING 2012

F ❁ **LK**
ORG

Organisasjon for
folkemusikk og
folkedans

FOLK Organisasjon for
ORG folkemusikk og
folkedans

Formgjeving: Anbjørg Myhra Bergwitz / FolkOrg
Foto fram- og bakside: Hallgrim Rogn & Knut Aastad Bråten

Postadresse:
FolkOrg
Postboks 4613 Sofienberg
0506 Oslo

Besøksadresse:
Vis-à-vis Herslebs gate 2c

Nett: www.folkemusikk.no
E-post: post@folkemusikk.no
Tlf.: 22 00 56 22

4	Om FolkOrg
7	Kulturpolitisk arbeid
10	Lagsutvikling
12	Arenautvikling
15	Kompetansebygging og opplæring
17	Arrangørutvikling
19	Utøvarutvikling
21	Organisasjonsutvikling
22	Informasjon

Innleiing

Aktivitetane til FolkOrg har i meldingsåret vore knytt til handlingsplanen, og denne årsmeldinga er skriven med direkte utgangspunkt i den vedtekne handlingsplanen. Handlingsplanen er sett inn i årsmeldinga, og til kvart delområde er det gjort greie for korleis tiltaka er gjennomførte. Innleiingsvis har årsmeldinga ein organisatorisk og ein administrativ del som ikkje er knytt til eit særskilt delområde i handlingsplanen.

OM FOLKORG

Styret og arbeidsutval

Styret fram til årsmøtet 2012:		Styret etter årsmøtet 2012:	
Maria Høgetveit Berg	styreleiar	Per Øyvind Tveiten	styreleiar
Nils Øyvind Bergset	nestleiar	Mari Skeie Ljones	nestleiar
Mari Skeie Ljones	nestleiar	Helene Myklemyr Bolstad	nestleiar
Aslak Opsahl Brimi	styremedlem	Aslak Opsahl Brimi	styremedlem
Sigurd Johan Heide	styremedlem	Tor Stallvik	styremedlem
Tor Stallvik	styremedlem	Erlend Viken	styremedlem
Åshild Vetthus	styremedlem	Ellen Persvold	styremedlem
Torunn Raftevold Rue	1. varamedlem	Åshild Vetthus	1. varamedlem
Helene Bolstad	2. varamedlem	Tove Leinsli	2. varamedlem
Dag Hovda Sture	3. varamedlem	Kenneth de Gala	3. varamedlem

Styret har i meldingsperioden hatt seks møte, og det er handsama 80 saker. Eitt av møta var under årsmøtehelga. I tillegg til dei faste medlemmene har 1. varamedlem vore innkalla fast til alle møte.

I meldingsåret har styret hatt ulike representasjonsoppgåver, til dømes på Landskappleiken, Landsfestivalen, Helgen i Bergen, og på høyringar og relevante møte. Enkelte styremedlemmer har også vore representerte i arbeidsgrupper. Styremedlemmer har elles vore på vitjing til heidersmedlemmer som har fylt rundt år.

Styret eller administrasjonen har vore til stades på årsmøta i sju av elleve områdelag.

Arbeidsutvalet (AU) i organisasjonen har i meldingsåret vore:

Fram til årsmøtet i 2012:

Maria Høgetveit Berg, Nils Øyvind Bergset og Mari Skeie Ljones.

Etter årsmøtet i 2012:

Per Øyvind Tveiten, Mari Skeie Ljones og Helene Myklemyr Bolstad.

Dagleg leiar har vore sekretær. AU har i meldingsperioden hatt sju møte, og 58 saker har vore handsama. Dagleg leiar nyttar òg AU til å drøfte ulike spørsmål mellom møta.

FOLK  **ORG** Organisasjon for folkemusikk og folkedans

29. november 2012 vart den nye logoen og grafiske profilen for FolkOrg lansert på Riksscenen.



Nestleiar Helene Myklemyr Bolstad,, styreleiar Per Øyvind Tveiten og nestleiar Mari Skeie Ljones. Foto: Knut Aastad Bråten

Medlemskap/medlemslag

Medlemstal

FolkOrg hadde 4574 medlemmer pr. 31.12.2012. Av desse var 572 born/ungdom (t.o.m. 18 år)

Arne M. Sølverg vart utnemnd som heidersmedlem i FolkOrg under Landskappleiken.

Medlemslag

Pr. 31.12.2012 hadde FolkOrg: 143 lokale medlemslag 11 områdelag

Medlemskap i andre organisasjonar

FolkOrg er medlem i:

- Norsk musikkråd
- Frivillighet Noreg
- Landskappleiken og Landsfestivalen er medlemmer i «Norske Festivalar»

FolkOrg er medstiftar av

- Telemarkfestivalen
- Førdefestivalen
- Den norske Folkemusikkveka
- Hilmar Alexandersens Folkemusikkfestival

- Haukeliseterfestivalen
- Etnisk Musikkklubb (medstiftar og eigar)
- Musikkutstysordningen
- Stiftinga Riksscene for nasjonal og internasjonal folkemusikk, joik og folkedans

Årsmøtet 2012

Årsmøtet 2012 vart halde på Riksscenen i Oslo 20.–22. april. 66 røysteføre var til stades i tillegg til gjester og administrasjon. Årsmøtet vart innleia med eit seminar med følgjande tema:

- Framtida til Landskappleiken og Landsfestivalen
- Korleis vert dei ulike medlemsgruppene i FolkOrg høyrde og tekne omsyn til?

Økonomi og rekneskap

Rekneskapen for 2012 ligg ved årsmeldinga.

Administrasjon

Administrasjonen held til i eit kontorlokale i Trondheimsveien 2, bygg J. Kontorlokala ligg i Schous Kulturbryggeri, og organisasjonen har kontorfellesskap med fleire andre sentrale musikkorganisasjonar.

Tilsette i meldingsåret har vore:	
Linda Dyrnes	Dagleg leiar
Jorun Hagen	Kontormedarbeidar
Knut Aastad Bråten	Redaktør i bladet Folkemusikk
Eivind Kaasin	Informasjonsrådgjevar / rådgjevar for arrangørutvikling
Arvid Skancke-Knutsen	Informasjonsmedarbeidar
Trond Stenseth Moe	Rådgjevar / prosjektleiar Folkelarm
Marit Vestrum	Rådgjevar
Rannveig Djønne	Vikar, rådgjevar lokallag (fram til 01.11.2012) og kappleikar
Anbjørg Myhra Bergwitz	Vikar og engasjement, informasjons- og organisasjonsmedarbeidar
Andreas Ljones	Rådgjevar utøvarutvikling
Sigurd Reinton	Vikar, prosjektleiar Folkelarm

I administrasjonen er det til saman 7,5 årsverk.

Administrasjonen har i tillegg til det som er nemnt i handlingsplanen, sjølv sagt ei rekkje andre oppgåver som tek mykje tid, men som ikkje alltid er like synlege. Døme på det er fakturering, økonomioppfølging, oppdatering av medlems-

system, personaloppfølging, sakshandsaming og møteførebuingar, forsikringar, abonnementsoppfølging, rapporteringar, jamleg oppdatering av nettsider, svar på ulike førespurnader og andre oppgåver som er naudsynte når ein driv ein arbeidsplass.

KULTURPOLITISK ARBEID

FolkOrg skal ivareta og styrke medlemmene og aktørane sine interesser og rettar på feltet, og styrke folkemusikken og folkedansen sin plass i samfunnet.

LANGSIKTIGE MÅL (FIRE ÅR)

- Samstemt! sine fireårs mål er oppnådde:
 - Arrangørstøtta hjå Norsk kulturråd er på 30 mill.
 - Musikarstøtta hjå Norsk kulturråd er på 20 mill.
 - KOMP, tilskotsordninga for opplæringsmidlar, er auka til 6 mill.
- Folkemusikk og -dans er synleg og anerkjend på kulturfeltet og i samfunnet elles.
- Folkedansen har dei same vilkåra og statusen som folkemusikken.
- Støtta til opplæringstiltak innanfor folkemusikk og -dans er auka.
- Støtta til sceniske framsyningar med folkemusikk og -dans som basis er auka.
- Folkemusikkfeltet får kompensasjon for bruk av ikkje-verna, tradisjonell folkemusikk.
- FolkOrg har etablert eit breitt nettverk av internasjonale samarbeidspartnarar, og er aktiv i det internasjonale arbeidet for folkemusikk og -dans.
- Kulturskulane og Den kulturelle skulesekken i heile landet har tilbod innanfor folkemusikk og folkedans.

TILTAK (ÅRLEG REVIDERING):

- Sette agenda og delta i det offentlege ordsiftet, og sette søkelys på aktuelle saker innanfor sjangeren
- Stø opp om arbeidet innanfor forskning, arkiv og utdanning
- Samarbeide aktivt med andre aktørar og organisasjonar innanfor sjangeren, og på musikk-, danse- og kulturfeltet generelt
- Vere ein aktiv høyringsinstans for aktuelle saker innanfor folkemusikk og folkedans
- Starte arbeidet med å greie ut om opphavsrett for folkemusikken
- Følgje opp arbeidet med statusrapporten for folkedans, i samarbeid med Rff og NU
- Legge til rette for eit felles forum for kulturskulelærarar innanfor folkemusikk og folkedans
- Delta i det nordiske samarbeidet i Nordisk folkemusikkkomité, og vere med på å arrangere ein konferanse på Island om Unesco-konvensjonen om immateriell kulturarv
- Stimulere til meir folkedans gjennom å arbeide for å etablere stipend og prisar til folkedansarar og dei som arbeider med folkedansen
- Vere ein aktiv bidragsytar overfor Kulturutgreiinga 2014

Offentleg ordskifte

Arbeidsutvalet gav svar på ein kronikk som Ola Berge hadde i bladet Folkemusikk. Styreleiaren og rådgjevaren for utøvarutvikling har skrive lesarinnlegg i bladet Folkemusikk om utøvarane si rolle i lokallagsarbeidet. Ein representant frå AU deltok på debatt om folkedans og immateriell kulturarv på Jørn Hilme-stemnet.

Vidare har styret og administrasjonen følgt opp statsbudsjettet 2013 med å kommentere at det trengst pengar til folkedansen framover, og at vi elles er nøgde med at regjeringa ser ut til å fullføre Kulturløftet.

Høyringar

FolkOrg har i meldingsåret kome med høyringssvar i desse sakene:

- Utkast til danseutgreiinga, innspel til ny strategi for kultur og næring
- Ny strategi for profesjonell dans (saman med Noregs Ungdomslag, Riksscenen og Rådet for folkemusikk og folkedans)
- Administrasjon av Frifond organisasjon
- Nye retningslinjer for Frifond organisasjon forvalta av Norsk musikkråd
- Ny skulebruksplan for Hordaland der det var gjort framlegg om å leggje ned musikklinja på Voss (saman med Hordaland Folkemusikklag)
- Kompetansenettverk for rytmisk musikk (saman med folkemusikk-sentera)

Strategi og politisk arbeid

AU og dagleg leiar har vore i møte med storfraksjonen i Familie- og kulturkomiteen på Stortinget. Vi tok opp både situasjonen til laga, utøvarane, folkedansen og folkemusikksentera.

FolkOrg har i samarbeid med Samstemt! levert innspel til statsbudsjettet for

2013. Hovudpunkta i framlegget vårt til statsbudsjettet for 2013 var levekåra for utøvarar, musikarar og artistar, heilårsarrangørane og meir langsiktige tankar med festivalstønaden, KOMP-midlane og publiseringsstønaden. Det er auke i publiseringsstønaden og stønaden til arrangørar og festivalar, dei siste er ei følgje av omlegginga av dei offentlege konsertane i Rikskonsertane.

Andre positive ting i statsbudsjettet for folkemusikkfeltet er auke i stønaden til arkiva, auke i momskompensasjon til frivillig sektor, auke til Den kulturelle skolesekken, kulturskule i SFO, 900 000 til hardingfele- og langeleikverkstad ved Valdresmusea, og auke i stønaden til Riksscenen og Førdefestivalen.

Statssekretær i Kulturdepartementet Kjersti Stenseng opna Landsfestivalen i Vågå. Vi nytta høvet til å spele inn synspunkt på aktuelle saker som er viktige for feltet vårt. Det vart etablert god kontakt.

Vi har hatt god kontakt med sekretariatet for Kulturutgreiinga 2014 og har levert innspel til den.

FolkOrg har gitt innspel om frivillig arbeid til Høgre sitt valprogram. I tillegg gav vi innspel til Høgres alternative statsbudsjett. Det resulterte i at dei la inn 1 million ekstra til FolkOrg retta mot vidareutvikling av Folkelarm og ei stilling knytt til dans.

Vi har arbeidd for å få til ei utdanning på bachelornivå for hardingfelemakarar. På eit seminar på Voss var vi representerte og støtta at Ole Bull Akademiet skal fortsetje med arbeidet for å få utdanninga dit.

Vi har vore medarrangør av idédugnaden «Endrede strukturer – nye utfordringer – nye muligheter. Modeller for produksjon og formidling av musikk i Norge framover» på Riksscenen. Det er eit samarbeid med Riksscenen, Norsk kulturhus-

nettverk, Norsk Jazzforum, Norsk Rockforbund og MIC .

Vi har etablert eit forum på Facebook for kulturskulelærarar innanfor folkemusikk og folkedans.

Nordisk folkemusikkkomité, der FolkOrg er med, planla ein konferanse om immateriell kulturarv på Island i november 2012. Organisasjonen på Island avlyste konferansen fordi dei fekk

økonomiske problem.

Vi har hatt eit godt samarbeid med Norsk jazzforum og folkemusikksentera kring evalueringa som vart gjort av dei rytmiske kompetansenettverka.

Vi har hatt dialog med Noregs Ungdomslag og Rådet for folkemusikk og folkedans med strategi etter rapporten Dansearven. Vi planlegg eit seminar om det tidleg i 2013.



I statsbudsjettet for 2013 fekk Valdresmusea 900 000 kr. årleg til utvikling av instrumentmakarverkstaden.
Foto: Cathrine Dokken, Geirfinn Lysne og Knut Aastad Bråten

LAGSUTVIKLING

FolkOrg skal stimulere til aktivitet i laga og arbeide for at lag og tradisjonsoverføring har gode rammevilkår.

LANGSIKTIGE MÅL (FIRE ÅR)

- Alle lokal- og områdelag er kjende med og oppdaterte på aktuelle tilskotsordningar og faglege saker.
- Talet på søkarar frå folkemusikkfeltet til aktuelle tilskotsordningar er auka, og løyvingar til folkemusikkfeltet frå tilskotsordningane er auka med 25 %.
- Lokal- og områdelaga i organisasjonen har egne heimesider.
- Det gode arbeidet til laga i organisasjonen er gjort synleg.
- Talet på kulturskular og lokallag som samarbeider om opplæring i folkemusikk og -dans, er auka.
- Kommunikasjonsflyten mellom FolkOrg, områdelag og lokallag er god.
- Lokallaga har gode møteplassar for tradisjonsoverføring.

TILTAK (ÅRLEG REVIDERING)

- Gje kurs og råd til laga
- Starte arbeidet med å utarbeide ein søknadsrettleiar for laga
- Starte arbeidet med å utarbeide ein rettleiar for samarbeidsmodellar mellom kulturskule og lokale lag
- Gje tilbod om, og opprette heimesider for laga
- Jamn og god kontakt med laga gjennom mellom anna nyhendeskriver, folkemusikk.no og kurs.
- Dele ut prisen «Årets lokallag»
- Presentere lokallag på folkemusikk.no

Kommunikasjon med laga

Det har i løpet av meldingsåret vorte sendt ut informasjon til lokallag på e-post i samband med aktuelle saker, hendingar og søknadsfristar.

Heimesider

I løpet av året har det vorte arbeidd med å opprette nettsider for lokallag, og sider for organisasjonens eigne arrangement. Nettsidene for Landskappleiken, Landsfestivalen og Folkelarm er no faste, og vert samlesider for all aktivitet knytt til desse arrangementa.

I løpet av meldingsåret har det vorte oppretta heimesider for Møre og Romsdal Folkemusikklag, Spelemannslaget Dâm og Drag og Bygdedanslaget i LK Noreg. Arbeidet med å opprette heimesider for tre andre lag er i gang.

Samarbeid med kulturskular

Gjennom forum for kulturskulelærarar innanfor folkemusikk og folkedans på Facebook kan vi få signal om kva det er trong om i samarbeidet mellom lag og kultur-

skular, og for å skape og trygge gode tilbod innanfor folkemusikk og folkedans. Arbeidet vert vidareført.

Årets lokallag

Prisen til årets lokallag vart delt ut fyrste gong i 2012 under arrangementet «Helgen i Bergen» 21.–23.september. Hovudfokus for prisen i år var rekruttering, og dei nominerte laga var Vågå spel- og dansarlag, Bærum spelemannslag og Seljord spelemannslag. Vinnaren av prisen og kr 10 000 var Seljord spelemannslag.

Serien «Lokallaga våre» på folkemusikk.no

I 2012 starta ein med å presentere lokallag på folkemusikk.no. Artiklane tek utgangspunkt i intervju med leiarane i laga, som vert presenterte, supplerte med bilete, videoar, lydfiler o.l. Laga som har vorte presenterte i 2012, er Nordmøre spelmannslag, Osterøy Spel- og Dansarlag, Heidal Spel- og dansarlag, Spelemannslaget Havella, Gaular spelemannslag og Setesdal Spelemannslag.



Seljord Spelemannslag vart kåra til Årets lokallag 2012. Foto: Helge Skodvin

ARENAUTVIKLING

FolkOrg skal legge til rette for, utvikle og drive gode framføringsarenaer for folkemusikk og folkedans lokalt, regionalt og nasjonalt.

LANGSIKTIGE MÅL (FIRE ÅR)

- Landskappleiken og Landsfestivalen som tevling og arenaer er evaluerte, slik at arrangementa og tevlingsforma er tilpassa utviklinga innanfor sjangeren og samtida.
- Organisasjonen har kompetente arrangørar, og drifta av arrangementa er godt innarbeidd.
- Arrangementa er tilrettelagde for publikum og deltakarar og i alle aldersgrupper.
- Arrangementa er attraktive og trekker til seg nytt publikum også utanfor sjangeren.
- Landskappleiken sin posisjon som folkemusikken og folkedansens hovudarena er styrkt.
- Talet på selde billetter på Landskappleiken er auka med 20 %.
- Posisjonen til Landsfestivalen i gammaldansmusikk som hovudarena for rundansmusikk i Noreg er styrkt.
- Talet på selde billetter på Landsfestivalen er auka med 30 %.
- Talet på lokal- og fylkeskappleikar og andre lokale framføringsarenaer er auka.
- Talet på arenaer og møteplassar for samværsdans i heile landet er auka.
- Bransjetreffet Folkelarm er den leiande faglege møteplassen for bransjen innanfor folkemusikk og -dans i Norden, og samlar eit breitt utval delegatar frå heile musikkbransjen.
- Folkelarm er den viktigaste eksportarenaen for norsk folkemusikk, og ein dør-opnar for oppdrag i utlandet.
- Folkelarm er grundig evaluert når det gjeld eigarskap, og arrangementet er tilpassa utviklinga innanfor musikkbransjen, og behov og ynske frå utøvarar og arrangørar.
- Folkelarmprisen er ei etablert og kjend prisutdeling på kulturfeltet.

TILTAK (ÅRLEG REVIDERING)

- Følgje opp arbeidet med Landskappleiken og Landsfestivalen
- Følgje opp arbeidet med evaluering av framtida til Landsfestivalen og Landskappleiken fram mot årsmøtet i 2013
- Utarbeide gode malar og rutinar for rapportering for Landskappleiken og Landsfestivalen
- Utarbeide arrangørretteiing for Landskappleiken og Landsfestivalen
- Utarbeide arrangørretteiing for lokale kappleikar
- Halde fram arbeidet med å etablere ein felles medie- og marknadsføringsplan for arrangementa og prosjekta til organisasjonen
- Vidareutvikle og betre kappleiksprogrammet til FolkOrg, slik at det vert brukarvenleg for arrangørar og utøvarar
- Oppmode arrangørar om å legge til rette for samværsdans for alle aldrar
- Evaluere Folkelarm, og legge plan for Folkelarm i 2013, på bakgrunn av framlagd rapport
- Dele ut Folkelarmprisen, og arbeide for å få pengar inn i prisen Årets folkemusikar

Landskappleiken

Landskappleiken vart i år arrangert på Otta med Sel og Otta spel- og dansarlag som lokalarrangør. Arrangementet gjekk av stabelen 29. juni – 3. juli.

Deltaking

Det var til saman 470 startnummer og vel 1400 einskilddeltakarar på Otta. Det er ein oppgang på heile 10 % i einskilddeltakarar samanlikna med Landskappleiken i Seljord, som hadde 465 startnummer og 1260 einskilddeltakarar.

Vinnarar

Kongepokalen vart i 2012 sett opp i klassa for durspel senior for fyrste gong under Landskappleiken. Vinnaren vart Øyvind Sandum frå Oppdal spell- og dansarlag.

> *Komplett liste med vinnarar ligg ved denne årsmeldinga*

Fureprisen

Elisabeth og Knut Fures stiftelse til fremme av klassisk musikk og norsk tradisjonsmusikk skal i fire år dele ut prisar til unge folkemusikarar i Noreg. FolkOrg og Landskappleiken fekk i oppdrag å forvalte og dele ut desse prisane. Furestiftelsen sette med det opp ein pris på kr 50 000 til ein utøvar under 25 år innanfor musikklassane. Kandidatane til prisen vart plukka ut under kappleikstevlingane, og vinnaren vart kåra under ein finale som var lagd til meisterkonserten på sundagen. Samstundes kunne vinnarane av C-klassane i spel vinne kr 10 000. FolkOrg sette opp same pris for vinnarar i C-klassane i dans.

Kriteria var:

Denne prisen skal gjevast til ein eksepsjonelt dyktig og talentfull deltakar (musikar) under 25 år. Prisvinnaren får også ein eigen konsert på Folkelarm. Det er krav om eit visst kvalitetsnivå for at prisane kan delast ut. Det kan vera slik at domsnemnda ikkje kvart år finn å kunne

dele ut prisen. Prisvinnaren skal vera vanleg deltakar på Landskappleiken.

Den 21 år gamle felespelaren Jørgen Nyrønning frå Ålen spell- og dansarlag vann hovudprisen.

> *Komplett liste med vinnarar ligg ved denne årsmeldinga*

Utanlandske journalistar på Landskappleiken

Med økonomisk stønad frå Utanriksdepartementet inviterte FolkOrg sju internasjonale journalistar til Landskappleiken på Otta. Dette førte mellom anna til ei rekkje artiklar i utanlandske aviser og magasin og radiosendingar i Spania og Tyskland.

Evaluering av Landskappleiken

Tilbakemeldingane frå både utøvarar, publikum og dommarar var mange og gode etter Landskappleiken på Otta. Eit grundig førebuingssarbeid frå Sel og Otta spel- og dansarlag og ein enorm dugnadsinnsats frå dei vel 400 friviljuge førte til ein særskilt vellukka landskappleik. Det endelege økonomiske resultatet frå Landskappleiken er ikkje heilt klart, men han gjekk godt i overskot.



Arne M. Sølverg vart utnemnd som heidersmeldem under Landskappleiken. Foto: Anbjørg M. Bergwitz

Landsfestivalen i gammaldansmusikk

Landsfestivalen i gammaldansmusikk var arrangert i Vågå 1.–5. august med Vågå spel- og dansarlag som lokal arrangør.

Deltaking

Det var kring 163 startnummer og kring 710 einskilddeltakarar i Vågå. Likeins som med Landskappleiken hadde Landsfestivalen ein gledeleg auke på 10 % i einskilddeltakarar samanlikna med Landsfestivalen på Oppdal i 2011, som hadde 640 deltakarar og 124 startnummer.

> *Komplett liste med vinnarar ligg ved denne årsmeldinga*

Evaluering av Landsfestivalen

På to år har deltakinga på Landsfestivalen auka med heile 35 %, noko som FolkOrg er særst nøgd med. Arrangørane i Vågå spel- og dansarlag gjennomførte ein flott festival som trekte mykje publikum og sette sitt preg på heile bygda. Den nye klassa «Junior samspel» vart gjennomført for fyrste gong i Vågå, og ein vonar at påmeldinga i denne klassa kjem til å auke etter kvart, slik at ein får fleire juniorar til Landsfestivalen. Rekordoverskotet på heile 722 000 kroner skal Vågå spel- og dansarlag mellom anna nytte til rekrutteringsarbeid i laget.



Frå opningskonserten på Landsfestivalen i Vågå.
Foto: Knut Aastad Bråten

Nettbasert kappleiksprogram

I 2012 bytte FolkOrg betalingsystem til Paypal. Dette førte til nokre få utfordringar under påmeldinga til Landskappleiken, men dei som hadde problem i samband med påmeldinga, fekk hjelp av FolkOrg-administrasjonen. Ved påmeldinga til Landsfestivalen var desse problema løyste. Ein ser at fleire og fleire lokale kappleikar tek kontakt og ynskjer å nytte det nettbaserte kappleiksprogrammet.

Arrangørhandboka LK og LF og rapporteringssystem

Revideringa av arrangørhandbøker for Landskappleiken og Landsfestivalen og utarbeiding av standardisert rapporteringssystem er i gang.

Folkelarm

Folkelarm har som planlagt vore evaluert i 2012. Arbeidet vart leia av Jan Lothe Eriksen, og han hadde med seg ei arbeidsgruppe bestående av Torill Faleide, Anne Hytta og Øyvind Skjerven Larsen. Trond Stenseth Moe frå administrasjonen i FolkOrg har delteke i alle utvalsmøte

og innhenta informasjon. Utvalet leverte rapport i august 2012, og gav godt grunnlag for vidare utvikling av Folkelarm. Nokre av tilrådingane er lagde inn i planane for Folkelarm 2013, medan andre er meir omfattande endringar som vil ta lengre tid.

KOMPETANSEBYGGING OG OPPLÆRING

FolkOrg skal fremje rekruttering og opplæring innanfor folkemusikk og -dans, og styrke det faglege arbeidet med folkemusikk- og folkedanstradisjonane.

LANGSIKTIGE MÅL (FIRE ÅR)

- Medlemmer og andre interesserte er informerte om og har kjennskap til utdannings- og kurstilboda på feltet.
- Deltakinga har auka på nasjonale og internasjonale kurs og arrangement.
- Feltet har eit breitt utval av kompetente kappleiksdommarar innanfor både folkemusikk og -dans.
- Musikk lærarar er kjende med folkemusikk og -dans, og har tilgang til tilpassa undervisningsopplegg.

TILTAK (ÅRLEG REVIDERING)

- Marknadsføre og informere om sommarkurs, og andre aktuelle kurs, seminar og utdanningstilbod
- Arrangere ei felles kurshelg for lokallag, instruktørar, pedagogar, dommarar, utøvarar og arrangørar
- Fordele Frifond-midlar
- Utarbeide rammeplan for opplæring i samband med vaksenopplæringsmidlar

Marknadsføring av og informasjon om kurs o.l.

Gjennom nettstaden folkemusikk.no og nyhendebrev til lokallaga i organisasjonen har FolkOrg i meldingsåret informert om sommarkurs, andre aktuelle kurs, seminar og utdanningstilbod.

«Helgen i Bergen»

21.–23.september 2012 vart «Helgen i Bergen» arrangert. Det var utdeling av Folkelarm-prisane, prisane til årets lokallag og årets arrangør, og kurs for lokallag, utøvarar, arrangørar, unge utøvarar og dommarar på kappleikar.

> Sjå komplett liste over vinnarane av Folkelarm-prisane i vedlegget til årsmeldinga.

Frifond

FolkOrg fekk i 2012 kr 318 971 i Frifond-midlar til utdeling. FolkOrg fekk inn søknader frå til saman 24 lag, og av desse vart 19 godkjende for å kunne få midlar frå Frifond organisasjon. Kravet om at ein tredel av medlemmane må vere betalande medlem året før (2011), var årsaka til at fleire av laga som søkte, ikkje kunne få tilskot.

Dagleg leiar har vore med i ei arbeidsgruppe i Norsk musikkråd, som kom med framlegg til reviderte retningsliner for handsaming av Frifond organisasjon forvalta av Norsk musikkråd. Gruppa har jobba for å endre retningslinene slik at dei vert meir rettvis, og slik at laga våre ikkje skal straffast for å ha mange medlemmer over 26 år, når dei har gode aktivitetar for born og unge. Retningslinene skal endeleg handsamast på Norsk musikkråds musikkting 1.–2.juni 2013.

> Liste over mottakarar av tilskot frå Frifond ligg ved denne årsmeldinga.

Rammeplan for vaksenopplæringsmidlar

Rammeplanen for FolkOrg vart utarbeidd og godkjend i 2012.

Dommarkurs

I samarbeid med Norsk Kvedarforum arrangerte FolkOrg dommarkurs i vokal i februar i 2012. Under «Helgen i Bergen» vart det arrangert dommarkurs i dans, der 19 deltok.

Norsk folkemusikkfond

FolkOrg administrerer Norsk folkemusikkfond, som er organisert med eit eige styre. Fondet deler ut midlar som er finansierte ved hjelp av kr 15 per medlem i FolkOrg og kr 10 000 frå NRK. I meldingsåret hadde fondet kr 87 000 til fordeling, og det kom inn til saman 24 søknader med ein samla søknadssum på til saman kr 435 570. Styret i Norsk folkemusikkfond hadde på førehand sagt at dei i 2012 vil prioritere søknader om stønad til prosjekt som la vekt på:

1. Arbeidet med folkemusikkinstrumenta våre og gransking av byggeteknikken for desse. Fondet skal prioritere arbeidet med å finne fram til gamle folkemusikkinstrument som er lite kjende eller har gått ut av bruk, og arbeide for at desse blir haldne i hevd.
2. Opplæring av born og unge i tradisjonsmusikk og -dans.

Åtte søkarar fekk tilskot frå fondet.

> Sjå liste over tildelingar i vedlegget til årsmeldinga.

ARRANGØRUTVIKLING

FolkOrg skal stimulere til arrangering av konsertar og dans med folkemusikk og arbeide for at arrangørane har gode rammevilkår.

LANGSIKTIGE MÅL (FIRE ÅR)

- Arrangørar er kjende med og oppdaterte på aktuelle tilskotsordningar og faglege saker.
- Talet på folkemusikkonsertar og dansearrangement er auka landet rundt.
- Talet på søkarar frå folkemusikkfeltet på arrangørstøtteordninga har auka, og løyvingane til folkemusikkarrangørar er auka med 100 %.
- Folkemusikk og -dans blir presentert på fleire, nye og eksisterande arenaer.

TILTAK (ÅRLEG REVIDERING)

- Følgje opp signala frå spørjeundersøkinga blant folkemusikkarrangørane
- Tilby rådgjeving, og halde jamn kontakt med arrangørane
- Arrangere eigne kurs, i tillegg til å informere om andre relevante kurs
- Utarbeide og gjere tilgjengeleg relevant kompetansemateriell
- Samle og gjere tilgjengeleg informasjon om aktuelle folkemusikkartistar for andre relevante arrangørar
- Etablere eit samarbeid med dei regionale folkemusikksentera og kompetansenettverka
- Dele ut prisen «Årets folkemusikkarrangør» ein gong i året

Spørjeundersøkinga som vart gjord på slutten av 2011, er analysert og dei viktigaste funna synleggjorde. Arbeidet med å finne tiltak på bakgrunn av undersøkinga held fram i 2013.

FolkOrg har gått ut med tilbod om rådgjeving for arrangørar i fleire medium (folkemusikk.no, Bladet Folkemusikk og gjennom kurs og møte), men har berre fått nokre få førespurnader.

FolkOrg har hatt fleire kurs for arrangørar i 2012. I januar hadde Eivind Kaasin to krasjkurs i konsertarrangering, eitt på Fagernes og eitt på Lillehammer, i samarbeid MØST og Austnorsk folkemusikksenter. Kursa hadde han i lag med Bente Hemsing frå Austnorsk folkemusikksenter.

Under FolkOrg si store kurshelg «Helgen i Bergen» i september var det fleire kurs og seminar med tema retta mot arrangørar: «Inspirasjon!» med Gabriel Fliflet, «Media i dag! – minikurs i marknadsføring» og «Mediehåndtering og intervjutrening» med Hans Olav Thyvold, «Tilskotsordningar frå Norsk kulturråd – Informasjon om Norsk kulturråd sine støtteordningar, med spesielt søkelys på arrangørstøtteordninga» med Hilde Stenseng frå Norsk kulturråd og søknadsskriving i praksis med Andreas Ljones.

Andre aktuelle kurs og seminar og annan

aktuell informasjon for arrangørar har vorte marknadsført gjennom folkemusikk.no og eit nyhende-brev i desember.

Arbeidet med å gjere tilgjengeleg informasjon om aktuelle folkemusikkartistar har ikkje vorte gjennomført. (Sjå «Informasjon» og omlegging av utøvarkatalogen.)

I løpet av 2012 har FolkOrg hatt jamleg dialog og fleire møte med folkemusikksentera som er ein del av kompetansenettverk for rytmisk musikk. Etter at evalueringa «Kunnskap og lærande for musikbransjen» vart lagd fram, har situasjonen for sentera og nettverka vore uavklara. Ein har venta på ei endeleg avklaring av ordninga, og arbeidsfordelinga mellom kompetansenettverka/folkemusikksentera og FolkOrg i høve til arrangørar er difor ikkje avklara. Ein har halde fram arbeidet med å gjere tilgjengeleg relevant informasjon og malar på arrangørane si nettside på folkemusikk.no.

Årets folkemusikkarrangør

FolkOrg sette opp retningslinjer for kåring av årets folkemusikkarrangør. Dei nominerte laga var Stiftinga Hilmar Alexandersen, Kalottspel og Colombi Egg. Colombi Egg gjekk av med sigeren og fekk utdelt ein pris på kr 10 000 under «Helgen i Bergen» i september 2012.



Folkemusikkklubben Columbi Egg vart kåra til Årets arrangør 2012. Foto: Helge Skodvin

UTØVARUTVIKLING

FolkOrg skal stimulere til aktivitet og arbeide for at utøvarane har gode rammevilkår.

LANGSIKTIGE MÅL (FIRE ÅR)

- Utøvarar innanfor folkemusikk og -dans er kjende med og oppdaterte på aktuelle tilskotsordningar og faglege saker.
- Utøvarar innanfor folkemusikk og -dans er kjende med relevante aktørar og samarbeidspartnarar både nasjonalt og internasjonalt.
- Organisasjonen har eit breitt kontaktnettverk av relevante bransjeaktørar nasjonalt og internasjonalt, som kjem utøvarane til gode.
- Lanseringsprogrammet INTRO-folk er attraktivt for unge utøvarar, og talet på påmelde artistar er auka med 100 %.

TILTAK (ÅRLEG REVIDERING)

- Kartlegge yrkesutøvarane sine ynske og behov
- Gje tilbod om rådgjeving og kurs til utøvarar
- Starte arbeidet med å utarbeide ein database over arrangørar og andre relevante aktørar i Noreg og Europa
- Delta på internasjonale bransjetreff og vere til stades på relevante nasjonale arrangement
- Utarbeide gode verktøy for utøvarar, i form av tilgjengeleggjort informasjon om kontaktnettverk, faglege saker, tilskotsordningar og liknande
- Utarbeide prosjekt som tener utøvarane sine ynske og behov, som kjem fram av kartleggingsarbeidet
- Gjennomføre INTRO-folk 2012
- Arbeide for å betre og styrke levekåra for musikarar og dansarar, i samarbeid med NODA og MFO

Det har vore lagt vekt på å gi kontinuerleg informasjon om relevante kurs og søknadsfristar for feltet, og på oppfølging av viktige kulturpolitiske saker. Særleg har det vore lagt vekt på arbeidsforholda for dansarar og kulturskulelærarane på feltet.

Gruppa for yrkesutøvarar

Registeret for medlemmer i FolkOrg som reknar seg som yrkesutøvarar, tel 108 personar pr. 31.12.2012. Det er frivillig å melde seg inn i registeret, og med yrkesutøvar meiner ein utøvarar som har inntekt av folkemusikk og/eller folkedans. Pedagogar innanfor feltet og instrumentmakarar blir rekna som yrkesutøvarar i FolkOrg i tillegg til dei som lever av musikk- og danseutøving.

Musikarmøtet 2012

FolkOrg har saman med Norsk Jazzforum, MFO og Gramart arrangert Musikarmøtet 2012 med relevante seminar for utøvarane på tvers av sjangrar.

INTRO-folk

I samarbeid med Rikskonsertane har INTRO-folk vore arrangert for fjerde gong. Det var i år ei overvekt på solospel på fele, i fin kontrast til tidlegare år. Finalistane i 2012 var Andreas Bjørkås, Mari Skeie Ljones og Erlend Viken, som til slutt stod att som vinnar. Erlend får eit skreddarsydd lanseringsprogram frå Rikskonsertane i premie.

Helgen i Bergen

I samband med kurshelga i Bergen vart det laga eit eige program for utøvarane med tema som pressearbeid, søknadsskriving og støtteordningane til Kulturrådet.

Kurs for studentar

Det har blitt utarbeidd eit eige undervisningsopplegg i realitetsorientering i kulturbransjen for komande yrkesutøvarar på dei ulike musikk- og danseutdanningsinstitusjonane. Det er gjennomført kurs for bachelorstudentane på utøvande dans på NTNU og for unge samiske talent på Sapmi

Music. Ole Bull Akademiet og NMH står for tur i 2013.

Digital søknadsrettleiing

Det er starta eit arbeid med å lage ei generell og spesiell søknadsrettleiing for folkemusikkutøvarar basert på rettleiingar og malar frå søknadsrettleiingar frå andre musikkorganisasjonar. Dette blir i 2013 til eit digitalt hefte som blir sendt til alle registrerte medlemmer. Delar av rettleiinga er allereie publisert i samband med viktige søknadsfristar.

Arbeid for utøvarar og pedagogar i dans

I etterkant av rapporten Dansearven utarbeidd av Rff, NU og FolkOrg har det blitt arbeidd med tiltak for yrkesutøvarar innanfor dans. På den utøvande sida har det vore lagt vekt på å støtte Riksscenen som produksjonssentrum og få utøvarane innmelde i NoDa for å betre rettane deira på sikt. For pedagogane har det blitt undersøkt moglegheiter for meir undervisning knytt til Kulturskulen og SFO.

Kontakt via sosiale medium

FolkOrg driv følgjande forum for diskusjon og informasjon på Facebook:

Kulturskulelærarar – folkemusikk og folkedans: 95 medlemmer

Yrkesutøvarar i FolkOrg: 121 medlemmer
Folkemusikk- og folkedanstalent i Noreg: 81 medlemmer

ORGANISASJONSUTVIKLING

FolkOrg skal ha attraktive medlemstilbod og vere ein fagleg sterk og kunnskapsrik organisasjon.

LANGSIKTIGE MÅL (FIRE ÅR)

- Talet på medlemmer er auka med 25 %.
- Medlemssystemet (styreweb) er teke i bruk av alle lokallag, og er ein naturleg arbeidsreiskap i kommunikasjonen med laga sine medlemmer.
- Styra sentralt, regionalt og lokalt er kompetente på styre- og organisasjonsarbeid.
- Kunnskapen og rutinane som ligg i administrasjonen, er dokumenterte, slik at nye medarbeidarar enkelt kan ta over ansvaret.
- Organisasjonen har ein hovudsponsor.

TILTAK (ÅRLEG REVIDERING)

- Utarbeide ein vervekampanje av nye medlemmer
- Formidle og vidareutvikle medlemstilboda
- Etablere og drive eit effektivt medlemssystem (Styreweb), med oppdatert kontaktinformasjon på medlemmer og lokallag
- Legge til rette for opplæring i bruk av medlemssystemet (styreweb)
- Informere om opplæringstiltak og kurs for tillitsvalde lokalt og sentralt
- Vidareføre arbeidet med å etablere rutinehandbok og årshjul for administrasjonen

Vi har utarbeidd ein vervebrosjyre som vi har hatt med på eigne arrangement, folkemusikkfestivalar o.l. Vi er i dialog med Norske trekkspilleres landsforbund om eit samarbeid på medlemstilbod.

Vi legg ut aktuelle kurs for tillitsvalde på folkemusikk.no og informerer om dei i lagsnytt.

Arbeidet med rutinehandboka og årshjul held fram.

Medlemssystem – StyreWeb

Det vart i 2010 inngått ny avtale med leverandøren av medlemssystemet, StyreWeb. I løpet av 2012 har ein sendt ut medlemsgiroar gjennom det nye systemet.

Det har i meldingsåret vore opna for at lokallaga får sin eigen portal som er knytt til sentralregisteret. I oppstartfasen vart det opna for at nokre utvalde lokallag kunne vere med i ei pilotgruppe. Arbeidet med å opprette lokale portalar held fram.

INFORMASJON

FolkOrg skal spreie kunnskap om og forståing for folkemusikken og folkedansen i Noreg, og arbeide for å auke omtale og bruk av folkemusikk og folkedans nasjonalt og internasjonalt.

LANGSIKTIGE MÅL (FIRE ÅR)

- Organisasjonens informasjonskanalar og prosjekt er evaluerte og tilpassa utviklinga innanfor informasjonsteknologi og tendensar og behov hjå brukarane.
- Nettportalen www.folkemusikk.no sin posisjon som den viktigaste staden for informasjon om folkemusikk og -dans i Noreg er styrkt, og talet på lesarar er auka til 5000 daglege brukarar.
- Nettportalen www.folkmusic.no er den viktigaste engelskspråklege kjelda til informasjon om folkemusikk og -dans i Noreg, og talet på lesarar er auka med 60 % .
- Organisasjonen har eit heilskapleg og historisk oversyn over aktivitet, aktørar, utøvarar og utgjevingar på feltet.
- Bladet Folkemusikk er det leiande tidsskriftet innanfor folkemusikk og -dans i Noreg, og talet på abonnentar er auka til 2500.
- Talet på abonnentar av bladet Folkemusikk frå nordiske land er auka med 50 %.
- Talet på abonnentar av årbok for norsk folkemusikk er 500, og boka vert kjøpt inn på innkjøpsordninga.
- Bladet Folkemusikk er evaluert.

TILTAK (ÅRLEG REVIDERING)

- Analysere brukarundersøkinga for bladet Folkemusikk, folkemusikk.no og Årboka
- Profilere bladet Folkemusikk, folkemusikk.no og folkmusic.no nasjonalt og internasjonalt
- Fornye Utøvar katalogen
- Drive meir informasjonsarbeid mot avis-, nett- og radioredaksjonar
- Gje ut Årbok for norsk folkemusikk
- Skrive søknad om stønad til eit prosjekt med følgjande to mål:
- Etablere ein biografibase med historiske og nolevande utøvarar innanfor folkemusikk og folkedans
- Formidle lagshistoria til Lfs og NFD gjennom å digitalisere Spelemannsbladet og Kvinten

Generelt om informasjonsarbeidet

Informasjonsavdelinga har i periodar hatt redusert bemanning grunna sjukdom, difor har ein del oppgåver som ein gjerne skulle ha gjort, ikkje late seg gjere. Avdelinga har i 2012 også teke del i det andre arbeidet i organisasjonen, og har mellom anna hand-sama mange førespurnader frå både lag og enkeltmedlemmer. Ved fleire høve har stoff frå folkemusikk.no vorte sitert i andre medium.

Informasjonsavdelinga har òg vore sentral i informasjonsarbeidet kring organisa-

sjonen sine egne arrangement, prosjekt og saker. Folk frå avdelinga har dessutan vore til stades ved nokre festivalar og fleire andre tilskipingar. Dei tilsette på informasjon bidrar i tillegg med grafisk form-gjeving og fotografering for organisasjonen.

Ny grafisk profil

FolkOrg har fått grafisk profil både for organisasjonen, Landskappleiken, Landsfestivalen i gammaldansmusikk og folkemusikk.no/folkmusic.no. Profilen vart lansert på Riksscenen 29. november.

FOLKEMUSIKK.NO

Folkemusikk.no er ein felles nettportal for folkemusikkfeltet i Noreg, og er heimesidene til FolkOrg. Portalen vart etablert i juni 2009, og redaksjonen har som mål at portalen skal fungere som ein samlingsstad og møteplass for alle aktørane innanfor folkemusikk og -dans i Noreg.

Innhald

Folkemusikk.no omtalar nytt på folkemusikkfeltet, aktuelle hendingar og plateutgjevingar. I tillegg vert det publisert praktisk informasjon generelt og frå organisasjonen spesielt. Redaksjonen har i meldingsåret freista å oppdatere portalen dagleg, gjerne med fleire redaksjonelle saker. I tillegg til desse egne sakene har folkemusikk.no peika til eit stort utval av folkemusikk- og folkedansoppslag i andre medium.

Også i 2012 har folkemusikk.no hatt eit godt samarbeid med bladet Folkemusikk, og har publisert eit utval av artiklane frå bladet på nettsidene.

Frekvens og lesartal

I løpet av meldingsåret har det i snitt vorte publisert ein til to artiklar dagleg. Dette er ein nedgang i høve til tidlegare:

	2011	2012
Totalt tal på besøkande:	221 451	175 977
Totalt tal på unike besøkande:	61 242	54 553
Dagleg besøkande (snitt):	607	482
% Nye besøk	26,06 %	28,84%

Statistikken for folkemusikk.no syner ein nedgang i talet på besøkande på 20, 53 %. Dette meiner vi kjem av ein nedgang i tal på publiserte artiklar på sida. Statistikken viser samstundes ein auke i tal på nye besøk.

Folkemusikk.no har i løpet av meldingsåret vore aktiv på sosiale medium. I desember 2012 var nærare 2000 medlemmer på folkemusikk.no si side på nettsamfunnet Facebook. I 2012 har også nettsamfunnet Twitter vore nytta i høgare grad enn tidlegare.

Utøvar katalogen

Folkemusikk.no har ein eigen utøvar-katalog med oversyn over aktuelle utøvarar på feltet. Katalogen er ei vidareføring av Norsk Folkemusikkatalog som NFD gav ut. Planen var å leggje om katalogen i meldingsåret, men det har ikkje vorte gjennomført.

Folkmusic.no

Denne portalen vart oppretta i oktober 2009, og er ei side som i hovudsak rettar seg mot eit internasjonalt publikum. Portalen er tenkt som ein paraply for aktivitet knytt til norsk folkemusikk- og dans internasjonalt, og nasjonalt.

Bladet Folkemusikk

Det er FolkOrg som eig og gjev ut bladet. Bladet er frittstående og arbeider etter Ver Varsam-plakaten og Redaktørplakaten.

Redaksjonell profil

Bladet Folkemusikk er i dag det einaste nasjonale fagbladet i Noreg for folkemusikk og folkedans og er ein viktig premissgjevar for formidlinga av folkemusikk og folkedans – innanfor folkemusikkmiljøet og overfor andre miljø.

Folkemusikk

Det blir lagt vekt på gode litterære tekstar, særleg i portretta, reportasjane og kronikkane. Redaktøren legg også vekt på å utforme tekstar som vender seg til eit større publikum enn dei faste kjernelesarane. Det redaksjonelle språket er nynorsk. Tekstane blir kvalitetssikra av Aud Søyland, medredaktør for Nynorsk ordliste.

Folkemusikk er i liten grad omtalt eller presentert i norske aviser, verken nasjonalt eller lokalt. Det du finn i bladet Folkemusikk, finn du sjeldan i andre allmennkulturelle tidsskrift, vekeblad eller dei meiningsberande avisene. Nettopp difor er det avgjerande at det finst eit eige blad som tek for seg feltet på ein seriøs måte.

Det blir brukt store ressursar på profesjonelle fotografar og erfarne

Frekvens og lesartal

Folkmusic.no har ein lågare publiseringsfrekvens enn folkemusikk.no, og talet på lesarar har i meldingsåret hatt ein nedgang i besøkande.

journalistar, noko som er med på å heve kvaliteten på og interessa for bladet. Layouten er signert Lise Myhre i Millimeterpress, eit firma som har hausta fleire prisar for arbeidet sitt. Bladet brukar også ressursar på gode bilete, tekne av unge fotografar som til dømes Laila Meyrick, Aleksander Andersen, Cathrine Dokken, Ingvil Skeie Ljones, Helge Skodvin og Marte A. Vannebo.

Bladet har fem utgjevingar i året, og eit gjennomsnittleg sidetal på 52.

Bladet har i 2012 nytta faste skribentar som til dømes Nicholas H. Møllerhaug, Anna Kleiva, Alice Gudheim, Johanne Landsverk, Synnøve Bjørset, Marit Heier Lajord og Ida Habbestad. Fast illustratør er Øystein Runde. Kronikørar har vore Minna Wetlesen, Bjørn Hatterud, Tore K. Næss, Kristoffer Jul-Larsen og Ola K. Berge. Kommentrane er skrivne av IdaLou Larsen, Sigrid Moldestad, Per Øyvind Tveiten og Arnfinn Bjerkestrand. Johan Vaa har hatt fast signert spalte. Fagkronikkane er skrivne av Anders K. Buen, Sveinung Søyland Moen, Bjørn Sverre Kristensen, Sten Nilsen og Olav Norheim.

Redaktør

Knut Aastad Bråten er tilsett som ansvarleg redaktør. Det har han vore sidan 1. mars 2007. Han leiger kontorplass på Valdres Folkemuseum på Fagernes. Stillinga har sidan 1. januar 2010 vore ei 100 % stilling.

Sal

Frå og med 2010 er bladet også tilgjengeleg

gjennom Narvesen og andre storkioskar. Det er fyrste gong i historia at eit norsk folkemusikkblad er i laussal.

Kapleiksmagasin

I samband med utgjeving av Folkemusikk 4-2012 vart det produsert eit eige kappleiksmagasin på 32 sider, som innstikk i bladet. Magasinet var fylt med resultat, bilete, intervju og anna frå både Landsfestivalen i Vågå og Landskappleiken på Otta. Innstikket vart produsert av bladet Folkemusikk og FolkOrg i samarbeid. Tilbakemeldingane på innstikket var gode, og FolkOrg kjem difor til å produsere eit liknande innstikk også i 2013.

Økonomi

Folkemusikk blir gjeve ut med økonomisk stønad frå eigaren, frå Norsk kulturråd og andre offentlege støtteordingar. I tillegg kjem det inntekter frå sal av abonnement og annonsar. Ikring 70 % av utgiftene blir dekte inn av eigeninntekter. Resten, ikring 30 %, er tilskot frå eigaren.

Norsk Tidsskriftforening

Frå og med hausten 2007 er bladet medlem av Norsk Tidsskriftforening.

Abonnenter

Bladet Folkemusikk er eit abonnements-

Anna informasjonsarbeid

Årbok for norsk folkemusikk

Tema for årboka 2012 er arkiv, og redaktøren er Jon Ole Morken. Boka blir lansert i samband med Landskappleiken 2013 på Røros.

Lags- og medlemsinformasjon

Det blei våren 2012 sendt ut medlemsskriv som inneheldt praktiske opplysningar om organisasjonen sine arrangement, informasjon om medlemsfordelar og kontaktopplysningar til administrasjonen.

blad. Per 31. desember 2012 hadde bladet Folkemusikk 1749 abonnenter. Av abonnentene var 304 gratisabonnenter, og 1023 medlemmer av FolkOrg. Dette er ein oppgang på 62.

Blest

Redaktøren har arbeidd for å auke interessa og kunnskapen om både bladet og folkemusikk og folkedans generelt i andre medium, og har no og då oppslag både i riksdekkande aviser og lokale medium, til dømes VG, Klassekampen, Dagbladet, Bergens Tidende, Morgenbladet, Dag og Tid og NRK P2. Bladet Folkemusikk har god kontakt med andre medium, og er ein viktig leverandør av idear og saker til desse.

Bladslepp

Bladet har hatt eitt bladslepp i 2012, på Valdres Folkemuseum 18. desember.

Annonсар

Frå og med 2010 er det redaktøren sjølv som sel annonsar. Bladet Folkemusikk har sidan 2009 hatt denne økonomiske utviklinga når det gjeld sal av annonsar:

2009: 133 000 kr

2010: 220 000 kr

2011: 238 000 kr

2012: 253 000 kr

Det har i løpet av meldingsåret også vorte sendt ut informasjon til lokallag på e-post i samband med aktuelle saker, hendingar og søknadsfristar.

Lokallagssider

Informasjonsavdelinga har i meldingsåret, i samarbeid med nettleverandøren CustomPublish, utvikla og gjeve support til lokallag som har ynskt å opprette nye heimesider for laget. I 2012 har ein begynt arbeidet med nye nettsider for seks lokallag.

Liste over diverse vinnarar, tildelinger

Landskappleiken

Vinnarar

Spel hardingfele

- A: Ottar Kåsa / Falkeriset Folkemusikklag
- B: Tor G. Hoslemo / Setesdal Spelemannslag
- C: Andris Hemsing / Vårflaumen spel- og dansarlag
- D: Even Tråen / Numedal Spel- og dansarlag

Spel fele:

- A: Andreas Bjørkås / Oppdal spell- og dansarlag
- B: Jo Einar Jansen / Sinnssykt bra alternativ
- C: Eirik Schjølberg / Vågå spel- og dansarlag

Dans hardingfele:

- A: Eli Børsheim og Torkjell Lunde Børsheim / Hardanger spelemannslag
- B: Margit Myhr, Silje Risdal Liahagen og Vetle Springgard / Ål spel- og dansarlag
- C: Ragnhild F. Luksengard og Eivind Vestenfor / Ål spel- og dansarlag, Gol spel- og dansarlag
- D: Rønnaug Larsen og Olav Sem / Fjellrosa spel- og dansarlag og Bø dansarring

Dans fele:

- A: Jorund A. Brynhildsvold og Harald Tamnes / Røros Folkedanslag
- B: Kjærsti Gangsø og Vegar Vårdal / Vågå spel- og dansarlag
- C: Natalie Lillebråten og Rikard Odnnes / Vågå spel- og dansarlag
- D: Sissel og John Peder Hatten / Trysil-Knut Dans- og Spelmannslag

Vokal:

- A: Gro Kjelleberg Solli / Nordmøre spelmannslag
- B: Sigrid Kjetilsdotter Jore / Setesdal Spelemannslag
- C: Mari Midtli / Sel og Otta Spel- og dansarlag
- D: Kjetil Brekke / FolkOrg

Laus:

- A: Hallgrim Hansegård / Øystre Slidre spel- og dansarlag
- B: Ådne R. Geicke Kolbjørnshus / Vestre Slidre folkemusikk- og danselag
- C: Vebjørn J. Fauske / Gol spel- og dansarlag
- D: Thor Herman Bøhle / Bygdedanslaget i Hamar

Fløyte:

Senior: Elise Hildrum / FolkOrg

Munnharpe:

Senior: Thov G. Wetterhus / Numedal Spel- og dansarlag

Langeleik:

Junior: Solveig Vatn Weisser / Valdreskvelven spel- og dansarlag
Senior: Knut Aastad Bråten / Vårflaumen spel og dansarlag

Durspel:

Junior: Amund Grytting / Harpefoss spel- og dansarlag
Senior: Øyvind Sandum (kongepokal) / Oppdal spell- og dansarlag

Andre eldre folkemusikkinstrument:

Junior: Anne Nilssen / Elverum danselag
Senior: Bjørn Sverre Kristensen / Hedmark Folkemusikklag

Open klasse:

Camilla Granlien og Jo Skaansar

Grupperpel:

Junior: Myklemyrjentene
Senior: Bjørkås og Schjølberg

Lagspel:

Junior: Hedmark juniorspellmannslag
Senior: Gudbrandsdølenes spelemannslag

Lagdans:

Junior: Småjondølenes dansarlag
Senior: Hallingan

Furestiftelsen

Fureprisen: Jørgen Nyrønning

Furestipend:

Eirik Schjølberg (fele c)
Mari Midtli (vokal c)
Andris Hemsing (hardingfele C)
Amund Grytting (durspel junior)

FolkOrg-stipend

Vebjørn Jøtun Fauske (laus C)
Olav Kvåle Myksvoll (laus C)

Dommarar på Landskappleiken

Spel hardingfele: Sigmund Eikås, Anne Hytta og Tore Bolstad.

Spel fele: Amund Bjørgen, Sjur Viken og Marianne Tomasgård.

Grupperespel: Sigmund Eikås, Sjur Viken og Anne Hytta.

Vokal: Elin Grytting, Camilla Granlien og Sigrid Randers-Pehrson.

Durspel: Annette Thorsheim, Thorleif Stave og Even Røhjell.

Eldre folkemusikkinstrument: Ingvild Lie, Birgit Kollandsrud Friis og Arnt Magne Haugen.

Open klasse: Ingvild Lie, Elin Grytting og Anette Thorsheim.

Dans fele: Dagfinn Krogsrud, Geir Egil Larsen og Kirsty McKinnon.

Dans hardingfele: Sverre Heimdal, Vegard Opheim og Minna Wetlesen.

Instrumentutstilling: Sigvald Rørlien, Sevald Bismo, Reidar Skjelkvåle og Leif Rygg.

Landsfestivalen

Vinnarar

Solo andre instrument:

Junior: Rikard Odnnes / Vågå spel- og dansarlag
Senior: Even Røhjell / Oppdal Spell- og dansarlag

Solo durspel

Junior: Emil Thon / Vårflaumen spel- og dansarlag
Senior: Runar Hvamb Hannevold / FolkOrg

Samspel junior: Vagverein

Lagspel senior: Mukampen spelemannslag

Solo fele/hardingfele:

Junior: Eirik Schjølberg / Vågå spel- og dansarlag
Senior: Marie Skavnes / Vardkampen spellmannslag

Dans:

Junior: Natalie Lillebråten og Rikard Odnnes / Vågå spel- og dansarlag
Senior: Kari og Stig Nilssen / Elverum dansarlag

Grupperespel: Aleksandersens

Dommarar på Landsfestivalen

Durspel: Inge Gjevne, Hilde Fjerdingøy, Arve Bjørn Røneid

Solo fele/hardingfele: Ole Foss, Torill Aasegg, Øystein Velure

Solo andre instrument/trekkspel: Inge Gjevne, Torill Aasegg, Arve Bjørn Røneid

Lagspel: Ole Foss, Hilde Fjerdingøy, Øystein Velure

Grupperespel: Helene Høye, Jens Brekke, Ingunn Stræte Lie

Junior Samspel: Helene Høye, Jens Brekke, Hilde Fjerdingøy

Dans: Vegar Vårdal, Arne Sølvberg, Randi Torgersen

INTRO-folk

Semifinalistar 2012

Andreas Bjørkås (solo), Jo Einar Sterten Jansen (solo), Bjørn Kåre og Mads Erik Odde (duo), Erlend Viken (solo), Mari Skeie Ljones (solo), Vrang (trio).

Vinnar

Erlend Viken (solo)

Jury for utveljing av semifinalistar:

Matias Hilmar Iversen (juryleiar), Anne Hytta og Åsmund Nordstoga

Jury i semifinale på Den norske

folkemusikkveka i Ål: Matias Hilmar Iversen (juryleiar), Arne Moslåtten, Gunnlaug Lien Myhr

Jury i semifinale på Førdefestivalen:

Matias Hilmar Iversen (juryleiar), Synnøve Bjørset, Sigmund Eikås

Jury i semifinale på Telemarksfestivalen:

Matias Hilmar Iversen (juryleiar), Per Anders Buen Garnås, Jon Solberg

Jury under finalen på Kalottspel: Matias Hilmar Iversen (juryleiar), Ragnhild Furebotten, Sigrid Randers Pehrson

Folkelarmprisen 2012

Årets folkemusikar: Inga Juuso

Dokumentasjon: Olav Snortheim, Langeleik (Ta:lik)

Solo: Ottar Kåsa, Ottar Kåsa (Ta:lik)

Tradisjonelt samspill: Arne Anderdal, Godsru-ta (Etnisk Musikklubb)

Open klasse: Juusk (Inga Juuso/Harald Skullerud), Juusk (Ta:lik)

Årets folkemusiker vert kåra på fritt grunnlag – uavhengig av utgjevingar

Juryen 2012: Olemic Thommessen (Juryleder), Elle Marja Eira, Ragnhild Knudsen, Brynjar Bjerkem og Annlaug Børsheim.

FolkOrg-prisar

Årets lokallag: Seljord spelemannslag

Årets arrangør: Folkemusikkklubben Columbi Egg

Kursprogram Helgen i Bergen

Lokallaga innan FolkOrg

- Media i dag! – Synleggjering av arbeidet til lokallaga.
- Rekruttering: Korleis rekruttere?
- Innføring i støtteordningar for lagsarbeid og annet frivillig kulturarbeid
- Søknadsskriving i praksis

Arrangørar / Folkemusikkscener +

Yrkesutøvarar

- Media i dag! – minikurs i marknadsføring opp mot media, sponsorar og andre
- Mediehåndtering og intervjuutøving
- Søknadsskriving i praksis
- Dei yngre i lokallaga (Alder 14-20 år)
- Å jobba opp mot kjelder (levande kjelder og arkiv)
- Konsertplanlegging
- Lyd/videopptakopptak
- Korleis jobba seg fram mot å verta profesjonell utøvar

Domarseminar – Kurs i Tradisjonskunnskap

CustomPublish – Heimesider for lokallaga

Norsk folkemusikkfond

Styret i Norsk folkemusikkfond er:

Nils-Øyvind Bergset (leiar), Ellen Persvold, Leiv Solberg, Nina Rudi og Solbjørg Tveiten

Mottakarar

Hardingtonar v. Geir Botnen – 20 000 kr

Kongsberg spel- og dansarlag – 10 000 kr.

Kalottspel – 8 000 kr.

Strunkeveko – 8000 kr.

Ungfolk – 8 000 kr.

Mokurset – 8 000 kr

David Rønnlund – 5 000 kr.

Olav Luksengård Mjelva – 20 000 kr.

Totalt: 87 000 kr.

Frifond

Fordelinga i 2012 vart slik:

Verdal juniorspellmannslag – 18 000 kr.

Gransherad Spel- og dansarlag – 17 000 kr.

Haugesund Spelemannslag – 20 000 kr.

Ringerike Folkemusikklag – 8 000 kr.

Spelemannslaget i Bergen UL Ervingen – 22 000 kr.

Glåmos Spellmannslag – 18 000 kr.

Ål spel- og dansarlag – 23 000 kr.

Småjondølenes dansarlag – 17 000 kr.

Bærum Spellemannslag – 20 000 kr.

Hyen Spelemannslag – 8 000 kr.

Spelemannslaget Fjelljom – 20 000 kr.

Hornindal Spelemannslag – 22 000 kr.

Tinn Spelemannslag – 15 000 kr.

Spelemannslaget Havella – 17 000 kr.

Folkemusikklaget Bordun – 10 000 kr.

Seljord folkemusikklag – 18 000 kr.

Spelemannslaget Dâm og Drag – 18 000 kr.

Hardanger Spelemannslag – 20 000 kr.

Kvemmingen Spel- og dansarlag – 15 000 kr.

Totalt: 318 000 kr.

“Vi vil engasjere medlemmer og publikum gjennom å vise mangfald, eigenart, aktivitet, musikkglede, danseglede, og vere ein livskraftig, moderne kulturorganisasjon med røter i tradisjon”

FolkOrg - Organisasjon for folkemusikk og folkedans

